

NU-kontakt

Meldingblad for Noregs Ungdomslag, nr 2/2007



Denne sendinga inneheld

- NU-kontakt nr 2-2007
- Programhefte for Norsk Amatørteaterfestival og Folkekulturfestivalen
- Fullmaktskjema til årsmøte i NU
- Kulturminnedagen 9. september

Vervekampanje

Kven vervar flest nye medlemmer? Vi utfordrar alle lokallaga til å rekruttere fleire medlemmer. Vi lyser derfor ut ein konkurranse om kva for lokallag som prosentvis:

1. Rekrutterer flest nye medlemmer under 26 år.
2. Rekrutterer flest nye medlemmer totalt.

Ved årsskiftet samanliknar vi tal medlemmer i medlemslistene per 31.12.06 med lister per 31.12.07.

Vinnarlaga får kr 3000,- og fem festivalpass til Folkekulturfestivalen 2008 i Lillesand.

Det er på bakgrunn av medlemstalet at Noregs Ungdomslag får Frifondstøtte som blir delt ut vidare til lokallaga og grunnstøtte frå Barne- og Likestillingsdepartementet. Til fleire medlemmer vi er til meir kjem laga til gode!

Vis fram aktiviteten på Youtube!

Noregs Ungdomslag inviterer medlemmene til å presentere aktiviteten sin på internett! Lag din eigen presentasjonsfilm av aktiviteten i laget/leikarringen/teatergruppa og legg ut på Youtube (www.youtube.com). Send inn lenkja til Noregs Ungdomslag innan 1. juni, så er du med i konkurransen om gratis deltaking på Folkekulturfestivalen og Norsk Amatørteaterfestival.

Konkurransereglar:

1. Du skal lage filmen/filmene sjølv.
2. Dei som er med på filmen/filmene skal vita at dei er med og godta at du legg ut på Internett.
3. Filmen/filmene blir publisert under ein lisens som gjev NU fri bruk av filmen og der du blir kreditert for den.
4. Filmen/filmene skal publiserast på Youtube, i tillegg kan du publisere filmen kor som helst i tillegg.
5. Publiseringsfrist: 1. juni, då skal du ha lagt ut på Youtube og sende ein e-post til informasjon@ungdomslag.no med lenkjer til filmen/filmene.

Medlemsfordelar i Noregs Ungdomslag

Her er ei liste med nokre av fordelene ved å vere medlem i NU:

- Laga kan søke støtte frå Frifond gjennom NU og studiemidlar gjennom Folkekulturforbundet
- NU har ei rekkje kurs og møtestader og driv eit stort kulturfagleg arbeid
- Norske Lagsbruk (NL) er tenesteorganisasjon for lag i NU som eig ungdomshus eller andre kulturhus
- NL har forhandla fram gunstige prisar på forsikring gjennom www.knif.no
- Laga kan få hjelp til det praktiske lagsarbeidet
- NU jobbar mykje politisk for m.a. kulturhus, Frifond, vaksenopplæringsmidlar, amatørteater og folkedansarbeid
- Medlemene får rabattar på ein del overnattingsstader og kulturarrangement, m.a. på Det Norske Teatret

Les meir om medlemsfordelene under menyen "medlemssørviss" på www.ungdomslag.no eller ta kontakt på tlf 24 14 11 10 eller send e-post til informasjon@ungdomslag.no.

Frifond 2007

1. mai gjekk søknadsfristen til Frifond 2007 ut. NU har fått inn mange søknader, og aktivitetsnivået og spennvidda er veldig stor! I 2006 delte NU ut nærmare 1,2 mill i Frifond. Utbetaling av støtta vil skje etter at Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) har gjort si tildeling til organisasjonane tidleg på hausten.

Kontingent og medlemskort

I løpet av mai vil alle lokallag motta faktura for medlemskontingent til Noregs Ungdomslag. Alle lag betalar ein grunnkontingent på kr 2300,- og kr 200,- per medlem utover dei 20 første. Barn og ungdom under 26 år tel som halv medlem når kontingenten blir utrekna.

Alle laga får tilsendt medlemskort for registrerte medlemmer før sommaren. Alle lokallag kan registrere, slette og endre opplysningar om medlemmene gjennom medlemssystemet www.webmedlem.no. Du kan logge deg inn direkte på denne adressa eller gjennom www.ungdomslag.no. Manglar laget brukarnamn og passord til medlemssystemet eller har spørsmål, send e-post til alf.steinar@ungdomslag.no eller ring 24 14 11 16.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

informasjon@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no

Kva skal NU jobbe med? Årsmøtet tar diskusjonen!

Årsmøtet i Noregs Ungdomslag blir i Oslo 24.-25. juni, like etter Folkekulturfestivalen og Norsk Amatørteaterfestival. Det blir mange spennande diskusjonar, m.a. om ungdom(sringane) si rolle i organisasjonen og om kva NU skal engasjere seg i. Erling Sande (Sp) som sit i kulturkomiteen på Stortinget vil halde årsmøtetale.

I denne sendinga finn du fullmaktsskjema til årsmøtet. Endeleg saksliste med sakspapir blir lagt ut på www.ungdomslag.no i løpet av mai, og blir sendt laga rundt 20. mai.

Norsk Amatørteaterfestival, Oslo 18.-24. juni

Opplev det beste frå amatørteater-Noreg når Noregs Ungdomslag og Det Norske Teatret (DNT) inviterer til Norsk Amatørteaterfestival på DNT. Sju teatergrupper frå ungdomslag landet rundt viser sine stykke og det blir urpremiere på nyskapinga *Til Noreg der kjærleik ventar*, som er eit kunstnarleg samarbeid mellom Noregs Ungdomslag, Nordic Black Theatre og Det Norske Teatret. Du kan òg delta på kortare eller lengre kurs i teaterarbeid, på seminar, monologkonkurranse, Improkappleiken og jonsokfest. Les meir i dei vedlagte programhefta eller på www.teaterfestival.no.

NU arrangerer òg Folkekulturfestivalen i Oslo 22.-24. juni. Med festivalpass kan du delta på begge festivalane. Passet kostar kr 600,- og kan tingast på www.folkekulturfestivalen.no eller på www.teaterfestival.no. Kjøper du innan 15. mai får du gratis t-skjorte for festivalane med i prisen.

Folkekulturfestivalen, Oslo 22.-24. juni

Noregs Ungdomslag inviterer alle til Folkekulturfestivalen i Oslo i juni! Ta del i store og små høgdepunkt gjennom framsyningar, konsertar, kurs og dans. Festivalen byr m.a. på konsert med den finske stjernegruppa JPP, bygdedansfest i tre salar i BLS-huset, jonsokfest med Askerladden og utandørskonsert med Valkyrien Allstars. Les meir i dei vedlagte programhefta eller på www.folkekulturfestivalen.no.

NU arrangerer òg Norsk Amatørteaterfestival i Oslo 18.-24. juni. Med festivalpass kan du delta på begge festivalane. Passet kostar kr 600,- og kan tingast på www.folkekulturfestivalen.no eller på www.teaterfestival.no. Kjøper du innan 15. mai får du gratis t-skjorte for festivalane med i prisen.

Noregs Ungdomsring 25.-27. juni

Noregs Ungdomsring (NUR) er ei årleg samling for folkedansande ungdom mellom 14 og 26 år. 25.-27. juni inviterer NU til ny samling i Oslo. Kurslærarar blir m.a. Vegar Vårdal og Mads Bøhle.

Meir informasjon og påmelding på www.folkekulturfestivalen.no.

Bli instruktør i dans eller teater - delta på sommarkursa!

Treng laget instruktørar til barnegruppa, teatergruppa eller dansegruppa? Eller vil du fordjupe deg i ulike temakurs? 6.-12. august arrangerer NU sommarkurs på Nordhordland Folkehøgskule på Frekhaug, nord for Bergen.

Følgjande kurs står på menyen:

- Leik og læring (for barne- og ungdomsinstruktørar) med Marianne Dahl og Torill Schinstad som lærarar
 - Iscenesett! Instruktørkurs i teater med Malin Skjold og Sara Sandberg som lærarar
 - Instruktørkurs i folkedans med Vegard Opheim og Live Karin Liaskar som lærarar
 - Fordjupingskurs i folkedans og pedagogikk med Vegar Vårdal, Siri Mæland, Johan Einar Bjerkem og Bente Hjellum Syvertsen
 - Spelkurs med Øivind Vabø og Håvard Ims som lærarar
- NU arrangerer òg bunadkurs på Fagernes 25.-29. juni.

Du finn meir informasjon og om sommarkursa under menyen "opplæring/kurs" på www.ungdomslag.no. Påmelding innan 15. mai til Noregs Ungdomslag.

Marker ungdomshuset på kulturminnedagen 9. september

Temaet for årets kulturminnedag 9. september er forsamlingshus, ungdomshus og bedehus. Dette er ein unik sjanse til å få vise fram mange av ungdomshusa og forsamlingshusa i landet. Vi oppmodar derfor lag som eig hus om å bli med på kulturminnedagen ved å skape arrangement i huset denne dagen!

Ta kontakt med kulturkontoret i kommunen og andre aktuelle samarbeidspartnarar for å bli del av den lokale markeringa. Dette er også eit godt høve til å sette fokus på den viktige rolla dei organisasjonseigde forsamlingshus spelar lokalt for kulturlivet og for demokratibyggginga. Kanskje myndigheiter og media skal inviterast til arrangementet? Les meir i det vedlagte brevet.

NU er den største frivillige kulturhusorganisasjonen med over 300 hus. Norske Lagsbruk er tenesteorganisasjon for alle lag med hus i NU. Meir på www.lagsbruk.no.

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

informasjon@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no